

AUST-TELEMARK VASSOMRÅDE

Saksutgreiing til arbeidsgruppemøte og styringsgruppemøtet 06.03.2014 (saksnr. viser både til sakslista i arbeidsgruppa og styringsgruppa)

Sak 08.02/ sak 06.04 Forlenging av prosjektperioden for Aust-Telemark vassområde ut 2015

Bakgrunn

For å sikre ei samordna vassforvaltning legg vassforskrifta §§ 22 og 23 til grunn at det skal vera stor grad av samhandling mellom aktørane i norsk vassforvaltning. Det skal og vera aktiv medverknad og deltaking frå organisasjonar og brukarar, jf. plan- og bygningslova (pbl) § 3-6 om felles planleggingsoppgåver. Offentlege styresmakter sin rett og plikt til å delta i planarbeidet ligg fast, jf. pbl § 3-2.

Vassregionmyndigheita (VRM) Buskerud fylkeskommune skal i 2014-15 utarbeide regional forvaltningsplan for Vest-Viken vassregion for perioden 2016-2021, som skal godkjennast i Kgl. res. ved utgangen av 2015. Samtidig går arbeidet i vassregionen over frå ein prosjektorganisert arbeids- og erfaringsperiode til ein meir varig samhandlings- og gjennomføringsorganisasjon.

Fastsett planprogram for Vest-Viken vassregion legg føringar for organisering og oppgåver på vassregion- og vassområdenivå. Formålet med oppretting av vassområde er å ha formålstenlege einingar, slik at kommunar, sektormyndigheiter og fylkeskommunar kan samarbeide om vassforvaltingsoppgåvene i tråd med vassforskrifta.

Planprogrammet for Vest-Viken vassregion gjeld for perioden 2010-2015. Programmet omhandlar i liten grad overgangen frå "lokalt vassområdearbeid" til "regionalt planarbeid". Det går ikkje fram kva rolle vassområda skal ha i 2014/2015 fram til regional forvaltningsplanen blir godkjent ved utgangen av 2015. Dette er ein mangel ved planprogrammet som planmyndighetene ikkje såg i 2010/2011.

Norsk institutt for by og regionforskning (NIBR) har gjennom prosjektet WAPABAT hatt følgjeforskning på å implementere vassdirektivet i forvaltninga. Sluttrapport frå dette prosjektet er venta i februar 2015. Førebels rapport viser at organisering med vassområde og prosjektorganisering med prosjektleiing har vore positivt, ikkje minst for å oppnå lokal forankring i arbeidet.

Vidare organisering i vassområde

Politisk styringsgruppe for Vest- Viken vassregion drøfta vidare organisering og oppgåver i vassområda (sak 5/2013) i møte 1. oktober 2013, og fatta m.a. følgjande vedtak i saka:

- 1. Styringsgruppen ber vannregionmyndigheten og fylkeskommunene om å få på plass gode, robuste og varige vannområdeorganisasjoner.*
- 2. Styringsgruppen anbefaler at vannområdene ledes av kommunene. Modell for samarbeidet skal bygge på partnerskap mellom kommuner, fylkeskommuner, fylkesmenn og regionale sektormyndigheter. Anbefalt modell må utredes frem mot høringen av regional vannforvaltningsplan.*
- 3. Styringsgruppen ber vannregionmyndigheten om å ha sterkt fokus på å få til tverrsektoriell forpliktelse om et godt vannmiljø gjennom et aktivt partnerskap (stat – fylke – kommune) i planarbeidet og i gjennomføringsfasen.*
- 4. Vannområdenes oppgaver og funksjon skal bidra både til kunnskapsgrunnlaget ved rullering av regional plan og til gjennomføring/ oppfølging av regional plan.*

Fylkesutvalet i Telemark handsama vidare organisering av vassforvaltningsarbeidet i møte 25.02.2014. Følgjande vedtak vart fatta:

1. Fylkesutvalet ser behov for å drøfta modellar for organisering og finansiering av arbeidet med vassforvaltning i planperiodane 2016-2021, 2022-2027, 2028-2033, jamfør intensjonar som går fram av vedtak i styringsgruppa i Vest-Viken vassregion den 01.10.2013.
2. Fylkesutvalet ber fylkesrådmannen fremme eigen sak om dette i 2015.
3. Fram til vidareføringa av organisering og finansiering vert avklara, meiner fylkesutvalet at organisering og aktivitetar som i dag vert utført i vassområda bør prolongeras i nødvendig omfang fram til endeleg godkjenning av regional vassforvaltingsplan ved. Kgl. Res. i desember 2015.

Aktuelle arbeidsoppgåver i vassområda 2014/2015

VRM har følgjande forventningar til vassområda i 2014/2015:

- Bistå vassregionmyndigheita (VRM) med naudsynt oppfølging i vassområdet fram til regional vassforvaltingsplan blir godkjend ved Kgl. res, t.d. ved oppdateringar i databasar/ dokument, dialog med interessentar m.m.
- Samordne og følgje opp kommunane i vassområdet, og vera eit bindeledd mellom kommunane og fylkeskommune/ VRM/Fylkesmann/ statlege og regionale sektormyndigheiter.
- Kommunikasjon og informasjon internt i kommunane og med interessentar/ brukarar.
- Bidra til å styrke kunnskapsgrunnlaget om miljøtilstand, påverknad og effekt av tiltak ved å delta i planlegging og oppfølging av overvaking (problemkartlegging, tiltaksovervaking).
- Årleg rapportering til VRM om status og framdrift.
- Hjelp kommunal sektor med å planlegge og å sette i verk tiltak (lokal tiltaksanalyse frå ord til handling), og vera ein ressurs for kommunane i kommunal sakshandsaming. Koordinere kommunale tiltak med tiltaka som dei regionale og nasjonale sektormyndigheitene er ansvarlege for å gjennomføre.
- Skaffe økonomiske ressursar (spleiselag), inngå/ følgje opp avtalar.

Aust-Telemark vassområde

Arbeidet i Aust-Telemark vassområde er organisert som eit tidsavgrensa prosjekt med prosjektleiar tilsett i 50 % stilling t.o.m. 31.07.2014. Prosjektplanen med finansieringsplan er godkjent av prosjekteigarane Vinje, Tinn og Notodden kommunar.

Prosjektet er finansiert til og med 31.07.2014, jf. finansieringsplanen i prosjektplanen. Ved evt. forlenging av prosjektet ut 2015 må prosjektplanen justerast, og korrigert plan med finansieringsplan for år 2015 bør handsamast i kommunane. Meirutgifter i 2014 ved vidareføring av prosjektet, kan dekkjast av bundne fond og bundne budsjettmidlar.

Vassforvaltningsarbeidet etter 2015

I følgje vassforskrifta skal vassforvaltningsarbeidet halde fram til 2033. Planane skal rullerast kvart 6. år. Arbeidet med rulleringane skal foregå over 4 årsperiodar (2018-2021, 2024-2027). Gjennomføring av planen skal skje i tre planperiodar (2016-2021, 2022-2027 og 2028-2033), på lokalt nivå "der vatnet renn". Arbeid med gjennomføring av tiltak blir utfordrande, og det blir fortsatt viktig med god samhandling og koordinering lokalt i vassområda og regionalt mot sektormyndigheiter.

Ei sak om organisering av arbeidet i vassområdet frå 2016 fram til 2033 bør fremjast i kommunane i 2015, der ein søker å finne meir varige løysingar for samhandling på tvers av sektorar og kommunegrensar, jf. sak 5/2013 i styringsgruppa for Vest-Viken vassregion.

Forslag til vedtak:

For å vidareføre lokalt vassforvaltningsarbeid og bistå VRM i arbeidet med regionale vassforvaltningsplan fram til godkjenning ved Kgl. res., bør prosjektarbeidet i vassområdet forlengast ut 2015. Denne prolongeringa av prosjektet må takast inn som eit tillegg i prosjektplanen, og justert prosjektplan med budsjett for 2015 må handsamast i kommunane.

I 2015 bør det fremjast ny sak i kommunane om ei meir varig organisering av arbeidet i vassområdet.

Sak 08.03/ sak 06.05: Økonomi

Prosjektet er finansiert t.o.m. 31.07.14. Inntektene er sett opp i høve til godkjent finansieringsplan i prosjektplanen frå 2011 og justert i takt med årleg løns- og prisauke i samsvar med opprinneleg fordelingsnøkkel mellom bidragsytarane. For Tinn kommune utgjer oppjusteringa kr. 6000, medan bidraget frå Vinje kommune, Notodden kommune, Fylkesmannen og fylkeskommunen er auka med kr. 3250.

Forslag til budsjett er sett opp med to alternativ. Alternativ 1 er budsjett for prosjektet ved avslutning ved fastsett prosjektid 31.07.14 og alternativ 2 er budsjett for vidareføring av prosjektet med prosjektleiar i 40 % stilling ut 2014.

Budsjettet i alternativ 1 er i balanse med ei inntekt- og utgiftsside på kr. 252.000. Ved alternativ 2 er utgiftssida auka til kr. 403.000 og overstig inntektssida med kr. 151.000. Prosjektet har tilsaman kr. 472.252 i bundne fond og i bundne budsjettmidlar frå 2013, og underskottet i budsjettet kan dekkjast ved bruk av desse midlane.

Meirarbeid i prosjektet i 2013

I arbeidet med tiltaksanalysar i 2013 har prosjektleiar arbeidd noko utover 50 % stilling, der 120 timar av dette meirarbeidet ikkje er teke ut i fridagar. Prosjektleiar ønskjer å få timane godtgjort som løn og/eller å ta ut meirarbeidet som fridagar.

I ei 40-50% stilling kan det vera vanskeleg å få avspasert så vidt mange timar utan at det går for mykje ut over arbeid/ framdrift i prosjektet. Lønsutbetaling for 120 timar tilsvarar ca kr. 40.000, inkludert sosiale utgifter. Denne lønsutbetalinga må eventuelt dekkjast av bundne fond/ avsette budsjettmidlar frå 2013.

Forslag til vedtak:

Styringsgruppa vedtek budsjettforslaget for 2014, alternativ 2. Underskottet kr. 151.000 i budsjettet for 2014 blir dekt av bundne budsjettmidlar frå 2013 og av bundne fond.